

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 10.03.2022

**Vår ref.:** 202115244-43 Oppgi ved forespurnad

**Dykkar ref.:**

Randi Holme

99215122/rho@nve.no

## **Høyring av detaljplan for bygging av Ofta kraftverk - Lærdal kommune**

**I brev datert 18.02.2022 mottok Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) revidert detaljplan for miljø og landskap frå Ofta Kraft AS for bygging av Ofta kraftverk i Lærdal kommune. Vi sender detaljplanen på høyring, og ber om at merknader til planen vert sendt til NVE seinast innan 01.04.2022.**

### **Konsesjonen ligg fast**

Løyve til å bygge Ofta kraftverk vart gitt i NVE sitt vedtak datert 18.12.2014, og frist for bygging av anlegget vart forlenga med 5 år i vårt vedtak datert 19.12.2019. Konsesjonen ligg til grunn for denne høyringa, og sjølvve konsesjonsspørsmålet er difor ikkje gjenstand for høyring.

### **Korleis følgjer NVE opp detaljplanen for miljø og landskap?**

Detaljplanen for miljø og landskap som er lagt fram skildrar korleis det er planlagt å bygge det konsesjonsgitte anlegget. Bygging av anlegget er underlagt offentleg tilsyn. Det er NVE som utøver tilsynet, og jf. post 4 i konsesjonen skal vi godkjenne detaljerte planar for miljø og landskap før arbeida tek til. Vi kontrollerer at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkår, godkjende planar, og at anleggsområda vert rydda forsvarleg opp og sett i stand.

### **Bakgrunnen for høyringa**

I konsesjonen til Ofta kraftverk er det godkjent to alternativ for plassering av kraftstasjonen; kote 60 og kote 70. NVE mottok første utgåve av detaljplanen i brev datert 10.11.2021. Der var det søkt om å bygge kraftstasjonen på kote 60. Detaljplanen vart sendt på avgrensa høyring til kommunen og regionale mynde.

Bebuarane i Ofta fekk ikkje høve til å uttale seg om plassering av kraftstasjonen på kote 60 i prosessen med handsaming av konsesjonssøknaden. Difor mottok NVE fleire spørsmål frå bebruarane i Ofta i samband med at detaljplanen var sendt på høyring til kommunen og regionale myndigheiter. Dette var bakgrunnen for at det vart gjennomført synfaring der bebruarane i Ofta vart inviterte til å delta 26.01.2022. På synfaringa kom det fram sterke synspunkt som blant anna gjaldt plassering av kraftstasjonen, og difor bad NVE Ofta Kraft



om ein revidert detaljplan. Ofta Kraft AS har revidert detaljplanen og søker no om plassere kraftstasjonen på kote 70.

Normalt vert detaljplanar for miljø og landskap sendt på avgrensa høyring til kommunen, fylkeskommunen og Statsforvaltaren. På grunn av kraftstasjonen si plassering i høve til bustadfeltet i Ofta, kan bebruarane bli direkte råka av blant anna støy og anleggstrafikk i anleggsfasen og støy i driftsfasen. Med bakgrunn i dette vert detaljplanen sendt på høyring til bebruarane i Ofta i tillegg til grunneigarane.

I tillegg vert detaljplanen sendt på ny høyring til kommunen, fylkeskommunen, Statsforvaltaren, villreinnemnda for Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane turlag og Lærdal elveeigarlag.

Detaljplanen er og lagt ut på Ofta Kraft si heimeside: [NYHEITER – Ofta Kraft](#).

### **Frist for å gi fråsegn**

Vi ber om at merknader til detaljplanen for miljø og landskap vert sendt til NVE, [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) innan **01.04.2022**.

Med helsing

Mari Hegg Gundersen  
seksjonssjef

Randi Holme  
senioringeniør

*Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar*

### **Mottakarliste:**

Ingeborg Wenche Nesse Hunderi  
Gro Henriksen  
Olav Vestrheim  
Christian Rumohr Gjerde  
Andres Øye  
Johannes Hunderi  
Tomas Hunderi  
Ola Geir Hunderi  
Harald Hunderi  
Marie Kvalsøren  
Eli Skjær  
Lars Thorup



Liv Ulvik  
Baard Ove Blaaflat  
Katrine Njåstad Blaaflat  
Ivar Husdal og Marie Klingenberg  
Siw Høyvik Blikra  
Bjørn Eirik Aga og Kari Grøtnebø  
Geir og Hilde Stadheim  
Torfinn Grøtnebø og Hanne Ødegårde  
Magne Klepp og Oddny Stølsvik  
Terje Brugrand  
Dagfinn Bentås  
Arild Lysne Paulsen  
May Kristin Hov  
Bjarne Bekken  
Ingrid Øye  
Brita og Robert Einemo  
Bård Grindheim og Gunnhild Hunderi  
Björg Helene Loven  
Per Tomas Hunderi  
Knut Rune Bøe  
Pritt Arro  
Ivar Ødegård  
Olav Grøtnebø  
Lærdal sjukehus v/ Vidar Øverbø

**Kopimottakarliste:**

LÆRDAL KOMMUNE  
FORTE VANNKRAFT AS - Sveinung Rud  
Bård Moberg